

FOTO: SÆVIG, RUNE

AV ARNE HOFSETH

11.jan.2007 06:00, oppdatert 11.jan.2007 07:38



Nei til nettsider om eplesider

Nils J. Lekve i Ulvik får skryt av Innovasjon Norge for nettsida om sider. Men Sosial- og helsedirektoratet meiner det er ulovleg alkoholreklame.

Siderprodusenten er fortørna, og vil klaga på brevet frå direktoratet.

— Dette heng ikkje saman, seier Lekve til Bergens Tidende.

På sider-sidene vert alkoholhaldig drikke profilert med fleire bilete av flasker med Hardanger Sider og omtale av produktet, påpeikar Sosial- og helsedirektoratet. Dette er i strid med alkohollova. Direktoratet krev at Lekve innan 15. januar stadfester at nettsidene er retta i samsvar med reglane om alkoholreklame.

Unntak for Vinmonopolet

Direktoratet minner om at dei kan gjera vedtak om tvangsmulkt om nettsidene ikkje vert endra.

— Alkoholreklame på nettsider kan berre tillast dersom sidene er lukka med passord som berre blir opplyst til kundar med skjenkeløyve, opplyser Vibeke Halvorsrud Marthinsen i Sosial- og helsedirektoratet til Bergens Tidende.

Vinmonopolet har rett nok ikkje bilete av produkta sine, men køyrer produktinformasjon i søkk og kav på sine internettsider.

— Gjeld andre reglar for Vinmonopolet enn private tilverkarar?

— Ja, Vinmonopolet fekk frå 1. august 2000 ei unntaksordning i alkoholforskrifta. Dei kan leggja ut produkt- og prisopplysningar på nettsidene, og det opna for ei bestillingsordning på internett.

— Kvifor ei slik særordning?

— Det er vel for å gje eit mest mogeleg rettvist tilbod når tilgangen til alkohol skal vera avgrensa.

Turistmål

Nils J. Lekve har hatt suksess som gründer. Frå 5000 epletre på eigen og leigd grunn vil han til sommaren ha 20.000 flasker sider til sals. I tillegg kjem all safta.

1. mars kjem den musserande sideren frå Ulvik i sal på Polet.

Styresmaktene sin nyskapingspolitik er Lekve ikkje entusiastisk over.

— På den eine sida vert du oppmuntra til å satsa. På den andre sida vert du møtt av restriksjonar på alle baugar og kantar, seier Lekve.

Hotella sender busslastar med turistar opp til Lekve for å sjå på saft- og siderfabrikken. Fruktbonden fortel om lokale tradisjonar, men han har ikkje lov å selja sider til dei - berre til Vinmonopolet og til hotell og restaurantar med skjenkeløyve. Lekve får heller ikkje selja til folk som har skaffa seg ambulerande løyve hjå kommunen, til dømes for å feira åremålsdag på samfunnshuset.

Og no blir det altså sett stoppar for internettsida hans, medan avisene kan skriva om vin - berre det ikkje står på annonseplass.

Får støtte

Innovasjon Norge har støtta saft- og siderfabrikken på Lekve i Ulvik, også internettsidene.

— Nettsidene har fått framifrå formgjeving. Vi har ikkje drive kontinuerleg kontroll av innhaldet. Det starta med saftproduksjon, og sider er kome til seinare. Lekve har sjølv ansvaret for at marknadsføringa held seg innanfor regelverket, også på nettet, seier Kristian Gjengedal i Innovasjon Norge Hordaland.